

---

KONTAKTBLAD FOR **HJARTDAL**  
Nr.27 Mars 1999 10.årg.

---

# HISTORIELAG

---



## Årsmøtet 1999

Vanlege årsmøtesaker, kaffe  
og

omvisning i Hjartdal gamle prestegard

Nutheim, Torsdag 25.mars kl.19.00



# Årsmelding 1998

HHL har hatt 3 styremøte og behandla 10 saker. I tillegg kjem årsmøtet som var den 26.3.1998 på Tuddal høvfjellshotell. Der blei HHL-medlem Anne Haugen Wagn tildelt årets kommunale kulturpris for sitt historie- og vernearbeid gjennom mange år.

Det er utgitt 2 kontaktblad - nr.26 og 27.

Elles har året vore dominert av USA-tur og internettarbeid. Dette er grundig omtala i tidlegare kontaktblad.

Ein planlagt historisk rusletur måtte avlyst pga. været.

Eit sentralt medlem i laget, Ivar Dahl, har gitt ut eit storverk om Tuddal, og fått selt ein stor del av bøkene. Også dette er omtala i kontaktbladet.

HHL har vore med på å kjøpe ein del av tuddalsbøkene til skulane i kommunen.

LS

## Regnskap for Hjartdal historielag 1998

*Inntekter Utgifter*

### **Saldo Hjartdal og Gr.herad sparebank 1.1.1998 24647**

Skatt (etterskot 1997).....	2500	
Arbeidsgjevaravgift (etterskot 1997).....	896	
Kontingentar .....	1575	
Div. kontorutg. administrasjon porto annonsar .....	1968	
Løn for avskrift av folketeljing (rest) .....	1000	
Litteraturkjøp.....	1060	
Medlemspengar .....	9950	
Renter .....	522	
Restoppgjjer "Skriften på veggen" .....	5000	
Tilskot frå banken til avskrift av folketeljing .....	5000	
Kommunale kulturmidlar .....	3000	
Sum .....	48119	8999

**Saldo 1.1.99 ..... 39120**

Revidert og funnet i orden 27.2.1999

Finn Birger Andersen

## Nytt i HHL-samlinga og på www:

Vi har fått kopi av to sær oppgåver som er aktuelle for historieinteresserte her i distriktet:

Ola Søgård frå Tuddal går på Søve vgs. og har skrive om tømmertransport særleg i Tuddal, frå ca 1935 til idag.

Halvor Mosebø jr. skreiv om tuddalsbussane da han gjekk siste året på ungdomsskulen. Denne oppgåva har vi nå fått kopi av.

Ola Søgårds oppgåve er også lagt ut på internett,, og vi håpar på å få den andre ut etterkvart.

## Hjartdal gamle prestegard

*Vi har lagt årsmøtet til Hjartdal gamle prestegard. Den er som kjent flytt frå Holm i Hjartdal til Flatdal og grundig restaurert og sett opp ved Nutheim av Erlend Grøstad.*

*Etter årsmøte og kaffe på Nutheim, vil Erlend Grøstad ta oss med på omvising i prestegardshuset. Vi vil sikkert bli presentert for mykje av historien til hjartdalsbygdene som er knytt til denne bygningen. Ikkje minst historien til Finckenhagenfamilien er nærliggande.*

### **Lisa Finckenhagen -**

visesamlar og villfugl

*Av Anne Haugen Wagn (Utdrag)*

Lisa Finckenhagen var prestedotter i Hjartdal, og kom i kontakt med M.B. Landstad da han reiste omkring i Hjartdal og samla folkekultur. Fleire av segnene som ein finn i bøkene til Landstad, skal vere fortalde av Lisa. Ho samla også viser og stev som ho høyrde i Hjartdal i 1840-åra, nokre av dei song

ho for Lindeman. Lisa døydde berre 26 år gamal, men er likevel eit namn vel verd å nemne i norsk kultursøge.

Lisa blei fødd i Hjartdal i 1832, som dotter til presten Søren Hassing Finckenhagen og den andre kona hans, Thomine Henrikke Gad. Døypenamnet hennar var Frederikke Elisabeth, men i daglegtalet blei namnet hennar Lisa Præstgarden. Presten Finckenhagen blei elles far til 17 barn, berre seks av dei levde opp. Thomine var elles kjelde for Lindeman da han var i Hjartdal i 1851. Han skreiv opp mellom anna Fanteguten og Liti Kjersti etter Thomine Finckenhagen.

Da juristen Bernhard Dunker reiste gjennom Aust-Telemark i 1852, kom han til prestegarden i Hjartdal og møtte Lisa. Den unge jenta må ha gjort eit sterkt inntrykk på juristen, for i boka han seinere gav ut, "En reise i øvre Tellemarken sommeren 1852", skildrar han Lisa i høystemt prosa.

*...Lisa er en villfugl med kloke og lyseblaae Forglemigeiøine... Fra Barndommen har hun vært opfyldt af en saadan Begjærlighed efter Sagn og*

*Viser, især de sidste, at Gamle og Unge ikke havde faaet fred for hende, førend de havde fortalt hende ikke alene, hvad de vidste af gamle Sagn og Viser, men også hvad der var tildraget sig i deres eget Liv...*

Dunker skriv vidare at all den poesi som bur mellom fjellnutane i Hjartdal har ho tatt opp i seg. Alle segner og viser og stev kan ho, og ho har sjølv dikta viser: "Flere ere ingenlunde at foragte," kommenterer Dunker.

Lisa må ha vore ei særmerkt ung kvinne. Dunker skriv at Lisa ikkje har lært " af hvad der hører til Verdens fine Dannelse", og at faren ikkje har lært ho anna enn å lese og skrive. Noko "dannelse" har nok Lisa likevel lært, for ein vinter var Lisa hos tanta si, Madame Juell i Kristiania.

"Hendes Ansigtstræk ere hverken regelmæssige eller skjønne", skriv Dunker. Kanskje har Lisa vore så spesiell at ho har fått utfalde seg og fått leve friare enn det som var vanleg i embetsmannsmiljøet i dei åra. Som vi er kjend med frå saga om Olea Crøger, det var ikkje akseptert at kvinner i embetsmannsmiljø hadde syslar som å samle folkekultur.

## **Prestegård med dramatisk fortid**

(Frå ein artikkel i "Bonytt" (4-1991) ved Olav Skjeldal)

Erlend Grøstads store interesse for gamle bygningsmiljøer førte til at han i 1963 gjenreiste gamle Holm prestegård på Nutheims grunn. Holm prestegård lå opprinnelig i Hjartdal, men ble solgt av kirken allerede i

1863. Det var bare halvparten av det flotte gamle huset som stod igjen da Erlend reddet bygningen fra rivning i 1963. Resten var tidligere solgt og ødelagt av brann.

I dag står den gedigene, fem hundre år gamle prestegårdsbygningen i bakkene nedenfor Nutheim. Den har fått tilbake sin natursteingrunnmur og torv på taket. De solsvidde tømmerstokkene bærer alderen meget vakkert og små reparasjoner er knapt synlig. Den er til stor glede og inspirasjon for malerelever som får bo og oppholde seg i og ved den. Prestegården er også blitt Anne og Erlends hjem.

Idag hersker fred og ro rundt Prestegården, men det har ikke alltid vært slik. Utenfor nettopp dette huset ble flere av Hjartdals mektigste bønder avrettet ved halshogging. En konflikt mellom embetsmenn, gruvearbeidere og bønder i Ambjørndalen resulterte i et blodig overgrep på bøndene. Presten ble involvert og avretting skjedde på prestegården. At det etter dette spøker på den gamle prestegården er ikke å undres over. Flere av de menn som var involvert i de dramatiske hendelsene har Erlend malt og plassert på veggene i huset.

Rundt tunet har ekteparet Grøstad samlet flere gamle bygninger. Fra Bø kommer et loft fra ca. 1600-tallet. Fra Flatdal et bur fra 1800-tallet. Litt nede i bakken ligger en vakker, gammel låve fra Notodden. Her har Erlend innredet sitt atelier. Mye av undervisningen på malerskolen foregår i atelieret. Tilsammen utgjør de gamle tømmerbygningene rundt tunet en unik ramme rundt det å skape kunst.